

## Innhald:

1. Mål for opplæringa	side 2
2. Metode	side 2
3. Utstyr	side 2
4. Arbeidsdagen	side 2
5. Rolla vår	side 3
6. Idear	side 3
7. Ord og uttrykk	side 4
8. Fokus	side 5
9. APUS	side 5
10. Journalistisk fokus	side 5
11. Intervjuteknikk	side 6
12. Fagleg og etisk sjekklister	side 8
13. Språkreglar i NRK	side 10

## **1. Mål for opplæringa:**

NRK Nynorsk mediesenter skal i løpet av seks månadar gi deg grunnleggjande opplæring i radio-, fjernsyns- og internettjournalistikk. Opplæringa er hovudsakleg tufta på "lære-ved-å-gjere-det-metoden".

## **2. Metode:**

I dei to første månadene skal du øve deg i å bruke journalistiske og tekniske verktøy, basert på teoretisk og praktisk undervisning. Eigne lærarar og innleigde ressurspersonar innan nynorsk og media står for undervisninga.

I dei to neste månadene skal du ha praksis i nyheitsmiljøet ved NRK Sogn og Fjordane. Målet er at produkta skal sendast. I denne perioden blir du rettleia og evaluert av lærarane og medarbeidarane i redaksjonen.

I dei to siste månadene skal du vere utplassert i ei ekstern mediebedrift, der du skal få praksis i radio-, fjernsyns- og nettjournalistikk.

Både dei tilsette og praktikantane skal fortløpande vurdere undervisingsopplegget ved Nynorsk mediesenter.

## **3. Utstyr:**

Fem PC-ar på loftet – ein til kvar praktikant. Alle har program for Polopoly (nettredigering og publisering) Digas (lydredigering), Adobe Premier (videoredigering), Photoshop CC (biletredigering) og ENPS (tekstredigering). I tillegg har vi to stasjonar MAC med Adobe Premier (redigeringsprogram for TV)

Kvar praktikant får ein reportasjesekk med Iphone med tilleggsutstyr, ediroll lydopptakar samt Canon stillskamera med tilleggsutstyr.

To videokamera Canon XA25 med tilleggsutstyr.

Utstyret ved DKSF, t.d. kontormaskinar, bilar, studio og opptaks/redigeringsutstyr for radio og fjernsyn nyttast av NRK Nynorsk mediesenter. Vi har felles resepsjonsteneste med NRK Sogn og Fjordane, gje beskjed til Jorunn dersom du er ute av huset og kontakt ho for bil til reportasjetur.

NRK Nynorsk mediesenter har tre tilsette i heile stillingar – Magni Øvrebotten er dagleg leiar, Terje Gillehammer og Randi Indrebø er faglærarar.

## **4. Arbeidsdagen:**

Alle deltek på det daglege morgonmøtet i kantina, klokka 08.10. På dette møtet får du kjennskap til tips, idéutvikling, planlegging av sendingar og evaluering. Deretter kan du ta til med eige arbeid, bu deg til undervisning, sjekke e-post osv.

Undervisinga tek normalt til kl. 09.00. Når du har høve til det, tek du felles lunsj med NRK Sogn og Fjordane sine tilsette, frå klokka 12.00-12.30.

08.00: Arbeidsdagen startar på loftet (obligatorisk)

08.10: Felles morgonmøte i kantina

12.00: Lunsj

12.30: Arbeidet held fram

15.30: Obligatorisk arbeidstid slutt

Ver oppdatert!

Lytt på morgonsendinga til NRK Sogn og Fjordane og ettermiddagssendinga mellom kl. 14.00 og kl. 17.00.

Sjå nyheitssendingar på TV, spesielt Vestlandsrevyen kl. 18.45 og få med deg Dagsrevyen kl. 19.00.

Hugs å lese lokalavisene/nettavisar/sosiale medium.

## **5. Rolla vår som journalistar.**

Som journalist er det viktig å tenke på truverdet sitt. Hugs at vi er offentlege personar som må vurdere kva vi kan seie og meine noko om.

Ver bevisst på rolla di også på fritida.

Tek du stilling til ei sak i det offentlege rom, ekskluderer du deg for å jobbe med denne saka.

Gjer du noko dumt kan ein kollega i ei avis eller ein radiokanal lage ei sak på det.

Ver bevisst på det du delar og likar på facebook og twitter.

## **6. Idear**

Som fersk journalist er det ofte vanskeleg å kome opp med idear.

Det er ingen mirakelkur for å bli betre på idear, eigentleg kokar det ned til nyskjerrigheit og engasjement.

Endringar i medievanar gjer at det er avgjerande å vere aktiv på sosiale medium. Som journalistar må vi vite kva som rører seg på sosiale medium og vi må sjølve bruke Facebook, twitter og Instagram som kjelde til stoff.

Det viktigaste er å bli storkonsument av nyheiter. Journalistlivet er altopplukande, særleg i starten når ein må vege opp for manglande erfaring og kunnskap.

- Kom deg ut også på fritida – delta på arrangement, fritidsaktivitetar og snakk med folk, ver nyskjerrig på deira historier. (Bruke notisbok eller mobil til å notere tips slik at ein ikkje gløymer dei.)
- Kva har gjort deg nyskjerrig eller fått deg til å smile? Også dei små nære historiene kan vere gode saker. Trendar, endringar, ny teknologi, det folk pratar om etc.
- Snakk med folk når ein er ute på opptak, ha som mål å alltid ha med tilbake ein ide om ei anna sak.
- Les aviser, høyr på radio, sjå dagsrevyen, følg med på twitter; BLI EIN NYHEITSJUNKIE!
- Sjå og les alle saker med tanke på kan om du kan lage ein vri? Kva betyr dette for folk i Sogn og Fjordane? Korleis kan det vere slik? Kva betyr dette for andre berørte grupper? Kva blir du nyskjerrig på? Kva gjer deg opprørt?
- Trål gjennom nettsidene til organisasjonar og leit etter saker.

## 7. Ord og uttrykk

Sendingar: det vi ser på TV og det vi høyrer på radio.

NRK Sogn og Fjordane produserer desse sendingane:

- Morgensending: radiosending frå 0600-0900
- Dagsending: radiosending frå 1400-1700
- Vestlandsrevy: Tv-sending frå 1845-1900 og 2055-2100
- I tillegg nyheitsbulletinar kvar heilt time frå 0600-1700.
  - Kvar bulletin er på 2-3 minutt.
  - Inneheld korte meldingar og snuttar.

Nettsida: [nrk.no/sf](http://nrk.no/sf)

- Den nye motoren i nyheitsproduksjonen i NRK Sogn og Fjordane.
- Video, lyd , bilete og tekst .
- Rask og kontinuerleg publisering av det siste nye.
- Leverer saker til nrk.no.
- Folk på vakt 7 dagar i veka, 111,5 timar av veka sine 168 timar.
- Saker og intervju gjort av nettdesken blir brukt på radio.
- TV-saker blir i stadig større grad produsert med tanke på publisering på nett.

### ENPS:

ENPS er programmet for redigering og lagring av all tekst i radio og fjernsyn.

Programmet er i bruk i heile NRK og er arkiv for tekst og manus til alle radio- og TV-saker.

### Polopoly:

Polopoly er programmet for skriving, redigering og publisering av all tekst til internett.

### DIGAS:

DIGAS er programmet for opptak, redigering og lagring av lyd i NRK. I DIGAS vil ein og finne musikkbasen og programmet blir brukt til å spele av lyd under sendingane.

### Adobe Premier:

Adobe Premier er programmet for redigering og lagring av video til TV og nett.

## 8. Fokus

Fokus er det sjåaren/lyttaren/lesaren oppfattar at reportasjen handlar om. Samtidig er det eit arbeidsreiskap for journalisten. Fokuset bør kunne uttrykkjast i ei fullstendig setning. "Dette er historien om.....".

Ein kort nyhetsreportasje bør berre ha eit fokus. Lengre saker eller program kan ha fleire, viss berre eit fokus blir behandla om gangen.

Reportasjen bør gje svar på dei viktigaste spørsmåla som fokus naturleg reiser. Spørsmåla som fokuset reiser, kan brukast til å finne ut kor ein dreg for å gjere opptak og kven det er naturleg å ha med i reportasjen. Dette er også vesentleg for å skape framdrift i reportasjen, og sørge for at sjåaren/lyttaren/lesaren ikkje fell av.

Fokuset bør innehalde ein klar konflikt. Det treng ikkje berre vere ei motsetjing eller usemje. Det kan også vere ein indre konflikt, det vil seie eit dilemma, ein ubalanse eller eit problem ein person står overfor. Utan konflikt, inga framdrift.

Innhaldet i ein nyhetsreportasje er basert på NRKs tradisjonelle nyhetskriterium. Vi vel saker fordi dei har ein eller annan nyheitsverdi. Ein reportasje bør vere aktuell, dvs omhandle ei hending, noko som akkurat har skjedd eller som er i ferd med å skje, eller nyleg blitt kjent. Den bør være vesentleg/viktig, dvs ha betydning for mange eller veldig stor betydning for nokon få. Ein god reportasje må innehalde konflikt, dvs innehalde motsetningar, noko uforløyst, ein utviklingsprosess. Vi kan også velgje ei sak fordi den er oppsiktsvekkjande og underhaldande sjølv om det ikkje har så stor betydning for mange.

## 9. Struktur / APUS

Ein enkel og overkommeleg struktur som passar for nyhetsformatet kan ha disse elementene:

- **Anslaget** skal gjere sjåar/lyttar/lesar interessert, pirre, sei noko om historien, men ikkje love meir enn reportasjen kan holde, antyde forteljarmåte.
- **Presentasjonen** presenterar konflikt, gjev fokus.
- **Utdjupinga** behandlar dei spørsmåla som fokus reiser.
- **Slutten** konkluderar, avrundar, peikar framover, hentar element frå anslaget, gjev ei saksopplysning.

Valg av struktur krev ein medviten tanke om korleis oppbyggjinga av reportasjen fungerer for sjåaren/lyttaren/lesaren. Strukturen bør ha som mål at dei ikke fell av underveis. Difor er **framdrift** eit kvalitetskriterium uansett kva slags struktur som blir valt. Dei mest vanlege framdriftsmåtane i nyhetsreportasjen er å tilfredsstille sjåar/lyttar/lesar sin **nysgjerrigheit** ved å gje svar på det sjåaren naturleg lurar på, eller ved ein kronologisk forteljarmåte som dekkar sjåar/lesar/lyttar sitt behov for å vite korleis det går til slutt.

## 11. Intervjuteknikk

*Kva er lurt å tenkje gjennom før du ringer eit potensielt intervjuobjekt?*

- Tenk ut kvifor du ringer til den bestemte personen – kva vil du vedkommande skal svare på?
- Korleis skal du forklare kvifor du ringer?
- Kva meiner du vedkommande må svare for å kunne bli intervjuet?

*Kva er lurt å tenkje på under telefonsamtalen med intervjuobjektet?*

- Presenter deg og ver høfleg: t.d. "Hei, eg heiter Tone Lin Støfring, eg er journalist ved NRK Nynorsk mediesenter. Eg ringer deg fordi eg har høyrte at du forskar på lakseoppdrett. Eg ser litt nærare på problemet med lus på laksen?"
- Presiser gjerne at dette er ei samtale, ikkje eit opptak.
- Dersom det potensielle intervjuobjektet ikkje har svar som du meiner er vettuge, så takkar du for samtalen og fortel at du jobbar vidare med saka og at det var hyggeleg at vedkommande hadde tid til å snakke med deg. Kanskje seier du at du gjerne vil ringe tilbake dersom det er greitt for intervjuobjektet.
- Dersom du gjerne vil intervjuet personen fordi det er mykje bra som blir sagt, må du gjerne fortelje intervjuobjektet det. For eksempel; "Veit du kva – du hadde så mykje bra å fortelje at eg synest det hadde vore kjempeflott å få fortalt det i eit lite intervju med deg.
- Lokk vidare! Tenk på kor mykje tid du sparar på å få overtalt dette intervjuobjektet til saka di! Jobb! Argumenter!
- Dersom du får vedkommande på glid seier du at du ringer opp att frå studio om avtalt tid, eller så snart det blir ledig i studio nede/eller at du vil reise til vedkommande for eit møte.

*Kva er lurt å tenkje på under sjølve intervjuet?*

- Ring opp vedkommande frå studio. Sjekk at du har rett lydnivå og at det høyrer kvarandre godt. Start opptaket. Sei at du har starta opptaket, be vedkommande seie namnet sitt og tittel (dersom han har nokon). Greitt å ha på band for ettertida.
- Still spørsmåla dine, lytt og repeter spørsmål/omformuler deg dersom intervjuobjektet ikkje svarar slik at du synest det er godt nok. Hugs fokus! Råstoffet bør ikkje vere meir enn 3-4 minuttar  
(NB! Hugs opne spørsmål som startar med KVEN, KVA, KVIFOR, KORLEIS, OG MED KVA KONSEKVENSAAR?)

Canadas fremste ekspert på gravejournalistikk, og forelesar i emnet, John Sawatsky, meiner at halvparten av alle spørsmåla vi stiller øydelegg for svара. Han har utarbeida følgjande råd:

Dei sju dødsyndene:

- Du gløymer å stille spørsmålet og serverer i staden påstandar som ikkje inviterer til svar.
- Du stiller to spørsmål i eitt. Da svarar dei fleste på det siste spørsmålet eller det minst kritiske.
- Du overlesser spørsmålet. Korleis veit du for sikkert at... Det gjev mottakar sjansen til å velje.
- Korleis veit du og kor sikker er du. Du kommenterer spørsmålet sjølv. Då kan mottakar velje å halde seg til din kommentar i staden for spørsmålet.
- Du bruker "triggerord" i spørsmålet. Har du *slått kona di*? Heller: har du brukt fysisk makt. Bruk heller grå og fargelause spørsmål.
- Overdriving: Du var vel fryktelig redd då? Då vil mottakar prøve å skape balanse.
- Unngå lukka spørsmål, spørsmål som kan besvares med ja eller nei. Vart du overraska? Heller: Korleis reagerte du?

**Nokre gode, opne spørsmål:**

- Kva skjedde?
- Kva meiner du?
- Kvifor det?
- Korleis vil du beskrive det?
- Kva sa vedkommande?
- Korleis var det å, korleis kjendest det å...
- Har du eit eksempel på det?

"Den gode samtala"

- Har du? Kontrollspørsmål fremjar ikkje ein god dialog.
- Du får ikkje vite sanninga ved å stille mistenksame spørsmål.
- Vi må ha kjennskap til kvarandre sine dagligliv for å kunne prate godt saman.
- Det blir ingen god prat hvis alle står på spranget bort.
- Kvar dag skal innehalde ein god dialog.
- Barn og unge kjem ofte på glid hvis du stiller deg avventande og ikkje spør og grev.
- Deretter kan du følgje opp med opne spørsmål.
- Den gode dialog er tufta på tryggleik. Prøv å sjå ting frå den andre ståstad, uten å miste din eigen.
- Å oppsummere, utdjupe det den andre seier, viser at du har lytta aktivt. Særleg kan barn ha nytte av slik oppsummering, for å hugse betre.

## 12. Fagleg og etisk sjekkliste

Dette er 14 faglege og etiske spørsmål NRKs redaksjonar bør stille når dei vel å lage ei sak. Ved hjelp av denne sjekklista kan redaksjonen kvalitetssikre det journalistiske arbeidet. Viss redaksjonen seinare blir utsett for kritikk frå publikum, er det dessutan lettare å forsvare redaksjonen sine handlingar.

a) Kvifor lagar vi denne saka?

Det er viktig å klargjere kva samfunnsmessig formål reportasjen har. Ei redaksjonell begrunning bør ofte ta utgangspunkt i pressen si samfunnsrolle slik den er definert i Vær Varsom Plakaten (VVS) kapittel 1; Informasjon, debatt og samfunnskritikk.

b) Har den/dei redaksjonelle medarbeidarane habilitet?

Av hensyn til det journalistiske truverdet må redaksjonelle medarbeidarar ha eit medvite forhold til si eiga rolle/identitet. Difor er det også viktig å avklare redaksjonelle medarbeidarar sin habilitet til ulike arbeidoppgåver. Både publikum og kjeldene sin tillit til redaksjonen blir svekka viss det oppstår mistanke om at den enkelte ikkje er upartisk nok.

c) Tåler arbeidsmetodane dagens lys?

Journalistiske metodar skal vere opne for publikum. Bruk av fordekte og/eller skjulte metodar må vere siste utveg for å rapportere om saker som har samfunnsmessig stor betydning.

d) Er personfokusering viktig for saka?

Det er viktig å klargjere om det er personen eller hendinga som er hovudsaka. Normalt er personen og hendinga ein integrert del av saka, men det er viktig å unngå ei



nødvendig fokusering på personen. Når det er nødvendig å fokusere på personen, blir det stilt strenge presseetiske krav til publisering av opplysningar av privat og personleg karakter. Det må også skiljast klart mellom offentlege personar og privatpersonar. Ikkje alle kjende personar er offentlege personar.

e) Er påstandar, skuldingar og opplysningar tilstrekkeleg dokumenterte?

Under innsamling og bearbeiding av det redaksjonelle materialet er det viktig å klargjere kva som skal dokumenterast, slik at dokumentasjonen underbyggjer påstandar, skuldingar og opplysningar som blir sett fram i reportasjen. Feil som blir gjort i byrjinga, kan fort forplante seg vidare i reportasjane. Ver på vakt mot konklusjonar trekt på førehand og prøv heile tida haldbarheita til redaksjonen sine hypotesar og rammer for tolkning.

f) Har ein vurdert kjeldene sine motiv, deira truverde og relevans?

Normalt truverdige kjelder treng ikkje vere sikre eller relevante kjelder i ei aktuell sak. Det er viktig å ha bredde i utvalet av kjelder, slik at ein unngår å vere partisk ved å berre velje kjelder som bekreftar redaksjonen sine hypotesar. Gje konsekvent motførestillingane ein sjanse. Bruk av eit bredt kjeldetilfang gjer ofte journalistikken betre.

g) Kven har krav på samtidig å få imøtegå skuldingar/kritikk?

Det er eit grunnleggjande presseetisk krav at alle som blir utsette for skuldingar skal få moglegheit til samtidig imøtegåing. Det inneber at ein må gje alle berørte god moglegheit til å svare på alle skuldingar. Viss du er i tvil, gje moglegheit for samtidig imøtegåing.

h) Er det særlege hensyn ein må ta til den eller dei berørte?

Ei rettferdig behandling av dei berørte krev av ein verkeleg prøvar å vurdere dei presseetiske problemstillingane sett frå dei berørte si side.

i) Er opplysningane saklege for det temaet som blir belyst?

Når menneske blir utsette for nærgåande omtale i media, er det nødvendig å forsikre seg om at opplysningane er saklege for dei tema som blir belyste. Særleg gjeld dette opplysningar av personleg og privat karakter. Å hente fram opplysningar og karakteristikkar som er gjeven i ein heilt annan samanheng krev særleg stor grad av aktsemd.

j) Er framstillinga totalt sett balansert?

Framstillinga må ta med alle relevante motførestillingar. At kravet til samtidig imøtegang er oppfylt, er ingen garanti for at kravet til balansert framstilling er innfridd.

k) Framstår reportasjen som ein førehandsdom?

Still alltid spørsmål dersom reportasjane framstår som førehandsdom, til dømes gjennom ein konstaterande og konkluderande språkbruk. Eit særleg problem oppstår når generelle og prinsipielle uttaler frå ekspertar blir knytta til ei konkret sak. I saker som ikkje er ferdigbehandla og særleg straffesaker, er det i ein kvar samanheng nødvendig å opplyse at konklusjon/dom ikkje ligg føre.

l) Er det skilt mellom fakta og kommentar?

Både av hensyn til publikum og dei som blir berørt av ein reportasje er det viktig å oppretthalde eit klart skilje mellom fakta og kommentar i sjølve reportasjen og mellom sjangrane nyheitsreportasje og kommentar. På alle nivå skal rapportering av fakta framstå i sin eigen kraft og i ein sjølvstendig kontekst. Kommentaren skal stå for seg sjølv.

m) Står presentasjon og omfang i høve til kor vesentleg saka er?

Når redaksjonen utset bedrifter, organisasjonar og personar for nærgåande og kritisk merksemd, må ein forsikre seg om det er rimeleg samsvar mellom reportasjane sitt volum og kor vesentleg saka er. Vurder nøye kor nødvendig det er å gjenta opplysningar og skuldingar i den løpande dekninga, då dette kan få ein forsterkande effekt.

n) Er feil retta på ein tilfredstillande måte?

Rettingar bør skje umiddelbart og på ein synleg måte. Det er ikkje berre eit presseetisk krav, men også eit viktig element i forhold til rettstridsreservasjonen.

### **13. Språkreglar i NRK**

Dei offisielle språka i NRK er norsk og samisk. NRK skal vere med på å styrkje og utvikle desse språka. Minst 25 prosent av verbalinnsloga i radio og fjernsyn skal vere på nynorsk.

#### **1. Reglar**

1.1 I nyheitssendingar og programinformasjon skal programleiarar og annonsørar bruke offisielt bokmål eller nynorsk. Redaktørane kan gjere unntak dersom det ikkje er i strid med reglane og retningslinjene nedanfor.

1.2 I andre sendingar og i nyheitsinnslog (reportasjar, rapportar, kommentarar, intervju osv.) kan det brukast dialekt, også i riksdekkjande sendingar, dersom det

ikkje er i strid med reglane og retningslinjene nedanfor.

1.3 I distriktssendingane bør lokale talemål få godt rom.

1.4 Person- og stadnamn, tal og teikn skal skrivast og uttalast i samsvar med reglar og råd som er godkjende av Språkrådet.

1.5 NRK skal følgje reglane for offisiell rettskriving. Redaktørane kan gjere unntak dersom dette er tenleg av omsyn til særlege sjangerkrav.

## 2. Retningslinjer

2.1 Språket skal vere tydeleg med naturleg trykklegging og munnleg setningsbygning.

2.2 Medarbeidarane bør vere konsekvente i bruken av ord- og bøyingsformer innanfor det enkelte innslag eller program.

2.3 Det bør ikkje brukast ord eller uttrykk som er lite kjende eller uforståelege for målgruppa.

2.4 Norske ord og uttrykk skal veljast i størst mogeleg grad.

2.5 NRK skal spegle mangfaldet i det norske språket, også når det gjeld dialektbruk og uttale som er farga av andre språk.

## 3. Råd

Godt språk = funksjonelt språk. Språket kan vere emosjonelt, sakleg, usakleg, provoserande, forsonande, korrekt, tøysete osv., men formålet med språkbruken bør alltid vere klår.

Ver særleg merksam på verkemiddel som:

3.1 tempo (kor fort ein snakkar, pausar og pust),

3.2 frasering,

3.3 setningsmelodi, klang og høgde,

3.4 ordval og språkbilete,

3.5 struktur og komposisjon,

3.6 kroppsspråk og energi,

3.7 stil og tone,

3.8 personleg og naturleg språk.

Verkemidla skal vere med på å få språkbruken i NRK klår, kritisk og kreativ.

## 4. Ansvar

Redaktørane har ansvar for at språket i NRK er i samsvar med desse reglane.